

INFORMASJON
Kommuneval 2023



KrF
med hjarte for Nissedal

Geir Chr. Enger
1. kandidat, Nissedal Kristeleg Folkeparti



Tid til det viktigaste



Møt våre toppkandidatar

Geir Chr. Enger
1. kandidat

Nissedal kommune er ein kommune der det skjer mykje bra! Nissedal KrF meiner likevel det bør vere enno tettare kontakt mellom politikarar, kommuneadministrasjon og lokalbefolkinga for å forankre politiske vedtak på ein betre måte. Ikke alle forstår det politiske «stammespråket» og dei politiske rutinane. Det vil vi ta på alvor.

Me vil arbeide hardt for at innbyggjarane skal kjenne at dei kan få svar på spørsmål og kunne delta meir aktivt i meiningsutveksling i saker i kommunal regi. Stikkordet er openheit!

Magne Haugsjå
2. kandidat

Nissedal KrF meiner at me alltid må ha byggjeklare næringstromter tilgjengeleg. Dette gjeld både nyetablering og for eksisterande næringsliv som ynskjer større eller meir framtidsretta bygg.

For nyetablering er det særskilt viktig. Gode næringsareal kan vere alfa og omega for om det vert etablering eller ikkje.

Me ynskjer tett dialog med eksisterande næringsliv om kva dei ser som viktig i etablering av næringsareal. Det må vere areal tilgjengeleg sentrumsnært i Tveitsund-området. Det er også viktig at dei andre grendene har attraktive område tilgjengeleg.

Liv Irene Mandt Lindvig
3. kandidat

Nissedal KrF ynskjer at utsett skulestart i større grad skal kunne vere mogleg for foreldre/føresette å påverke, og at barnehage, skule og andre instansar kan støtte dei i dette.

Eit barn har eit langt liv framom seg. Om barnet er skuleklart eller ikkje, kan vere avgjeraende for barnets livskvalitet. Skal me ha ein framsynt politikk til det beste for innbyggjarane, er utsett skulestart eit viktig steg på vegn for nokre barn. På sikt vil dette også kunne sjåast på som eit godt økonomisk tiltak.

Med hjarte for Nissedal

Nissedal KrF politisk program
2023-2027 – kortversjon

Næring, turisme og arbeidsliv

- For å fremje ei berekraftig arealforvalting, meiner me at det totale talet på hytter ikkje skal overskyte det som allereie er regulert
- Arbeide for å avgrense uheldige miljøkonsekvensar ved hyttebygging
- Alltid ha byggjeklart næringsareal tilgjengeleg for nyetablering

Nissedal kommune som arbeidsgjevar og tenesteyter

- Aktiv politikk for å sikre rekruttering av, og å behalde kvalifisert personale i kommunal sektor
- Arbeide for betre kommunikasjon mellom kommuneadministrasjonen og innbyggjarane

Gode oppvekstvilkår

- Oppretthalde ein desentralisert barnehage- og skulestruktur
- La skulen kunne leggje til rette for meir frileik og leikbasert lærings, særleg på dei yngste trinna

Kyrkje, kultur og frivillig arbeid

- Sørge for vidareføring av den mangfoldige og frivillige aktiviteten
- Sikre gode kår for kyrkjene, m.a. med nødvendig vedlikehald



Integriering

- Vere positive til å ta imot nye landsmenn som treng vern og ein ny start
- Arbeide for fortsatt høg kvalitet på språkoplæring og god integrering av flyktningar

Bustadpolitikk

- Alltid kunne tilby attraktive tomter for bustadbygging i heile kommunen

Samferdsel

- Arbeide for at ny bru på RV41 skal gå over Øyna (jf. gammal reguleringssplan)
- Sikre fergesambandet over Fjonesundet

Verdig alderdom

- Arbeide for å innføre nattevakts i heimesjukepleia
- Opprette dagtilbod for personar med demens og heimebuande eldre med behov



Les hele vårt program på
krf.no/lokallag/nissedal-krf/nissedal-kommuneprogram-2023-27

Ti gode grunnar til å stemme KrF

1. Verdiar som varer

KrF vil ta vare på verdiane Noreg er bygd på, for vi kan ikkje ta dei for gitt. Kjenner vi røtene våre, er vi også tryggare i møte med nye menneske og kulturar. Menneskeverdet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret er verdiar å bygge framtida på.

2. Tid og valfridom for familien

KrF vil vidareføre kontantstøtta fram til barnet er 2 år. Vi vil halde fram med å auke barnetrygda opp til 2000 kr i månaden for barn mellom 0 og 6 år, og til 1500 kr i månaden for dei mellom 6 og 18 år.

3. Eit aldersvenleg samfunn

Det skal vera trygt og godt å bli gammal i Noreg. Derfor vil KrF ha ei eige pårørandestøtte. Fleire sjukeheimspllassar må byggast og heimetenestene styrkast.

4. Trygg omsorg når du treng det

Noreg skal ha eit godt helsevesen som kan gi rett hjelpe til rett tid. I dag må helsepersonell springe frå oppgåve til oppgåve. KrF vil arbeide for auka rekruttering og betre arbeidskvardag for helsepersonell.

5. Levande lokalsamfunn med gode arbeidsplassar

KrF vil legge til rette for lokalt forankra verksområder som gir trygge arbeidsplassar og er med på å bygge gode lokalsamfunn over heile landet. Vi ønskjer eit livskraftig landbruk som gir auka matproduksjon, betre inntektsutvikling for bøndene og styrka jordvern.

6. God overgang frå barnehage til skule

Ein god start på skulegangen legg grunnlaget for mange viktige barneår. KrF vil ha fleire trygge vaksne i skulen og barnehagen. Vi vil skifte ut dagens førsteklasse med ei førskuleklasse der leik, tryggleik og relasjonar har ein sentral plass.

7. Meiningsfull og trygg oppvekst

KrF vil innføre eit nasjonalt fritidskort som gjer det mogleg for alle barn og unge å delta i sosiale fellesskap. Stadig flere unge slik med psykiske helseutfordingar. KrF meiner det er viktig med aldersgrense for sosiale media, og at selskapa må stå ansvarlege for at ho blir halden. Skulen skal vera mobilfri.

8. Menneskeverd i alle fasar av livet

Vi vil kjempe for menneskeverdet i alle fasar av livet. Ingen skal sorterast vekk! KrF vil ha betre støtte for dei som får barn som treng ekstra omsorg. Vi seier tydeleg nei til å svekke rettsvernet for ufødt liv og til aktiv dødshjelp.

9. På lag med dei som treng det mest

Vi vil støtte ideelle og frivillige aktørar innan mellom anna rusomsorg og tiltak for barn og unge. Dei gjer eit viktig arbeid for å førebygge problem og hjelpe menneske i ein sårbar situasjon.

10. Nestekjærleiken veit ikkje av grenser

KrF vil halde bistand og utviklingshjelp oppe på eit høgt nivå. Vi vil ta vare på jorda for dei som kjem etter oss. Klimakrisa er først og fremst ei krise for dei fattige i verda. Vi i Noreg må gjera vårt for å stanse klimaendringane gjennom å kutte i våre eigne utslepp og bidra aktivt internasjonalt.

